

## 1 Vedtekter for fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane

2 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.

3 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.

4 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 07.04.2018.

### 5 **Kapittel 1 Innleiande føresegner**

#### 6 § 1-1 Føremål

7 Fylkesting for ungdom er det øvste talerøynet for ungdomane i Sogn og Fjordane fylke. Fylkesting for  
8 ungdom skal arbeide for å ivareta ungdom i Sogn og Fjordane sine interesser og for å auke  
9 samfunnsengasjementet hos ungdommen. Fylkesting for ungdom er eit demokratisk organ for å  
10 fremje ungdomsmedverknad. I tillegg skal det fungere som ein arena for opplæring av ungdom som  
11 ønskjer å engasjere seg politisk. Vidare skal ungdommen få eit innsyn i demokratiet som styreform  
12 og folkestyret som grunnverdi.

#### 13 § 1-2 Namn

14 Det offisielle namnet er «fylkesting for ungdom», og avkortinga er «FFU». I dei fleste høve er det  
15 naturleg å leggje til «Sogn og Fjordane». Logoen er den same som for fylkeskommunen.

#### 16 § 1-3 Organisering

17 Fylkesting for ungdom ligg administrativt under nærings- og kulturavdelinga og politisk under  
18 hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### 19 **Kapittel 2 Definisjonar**

#### 20 § 2- 1 Røysting

21 Simpelt (enkelt) fleirtal: det framlegget som får flest røyster vinn. Dette kan vere under 50 % om det  
22 er meir enn to framlegg.

23 Vanleg (alminneleg) fleirtal: eit framlegg til vedtak må få meir enn 50% av røystene i ei votering for å  
24 bli vedteke. Om framlegget til vedtak får mindre enn 50 % av røystene fell framlegget til vedtak.

25 Blanke stemmer vert ikkje rekna som avgitte stemmer.

- 1 Absolutt fleirtal: det same som vanleg (alminneleg) fleirtal, men blanke stemmer vert rekna som  
2 avgitte stemmer.
- 3 Aktiv røysting vil seie at alle som røystar for det framlegget som ligg føre, tydeleg viser semja si ved å  
4 strekkje delegatskiltet høgt i vêret, medan dei som røystar mot, held seg rolege.
- 5 Passiv røysting vil seie at dei som røystar for det framlegget som ligg føre held seg heilt rolege,  
6 medan dei som er mot framlegget som ligg føre viser dette tydeleg ved å reise delegatskiltet høgt i  
7 vêret.
- 8 § 2-2 Røysterett, framleggsrett og talerett
- 9 Røysterett er retten ein deltakar har til å røyste ved val i saker, over vedtak og ved personval.
- 10 Framleggsrett er retten ein deltakar har til å kome med framlegg til vedtak eller saker som kan verte  
11 til vedtak.
- 12 Talerett er retten ein deltakar har til å tale for tinget, anten dette er i innlegg, replikkar eller  
13 saksopplysningar.
- 14 § 2-3 Rolle
- 15 Delegat er ein deltakar på fylkesting for ungdom i alderen mellom 13 og 23 år, med røysterett,  
16 talerett og framleggsrett under heile tingsetet, med mindre vedkommande er ugild etter reglane i  
17 forvaltningslova kapittel 2 med særlovgevinga i kommunelova § 40 nr. 3. Delegaten skal ha  
18 folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane fylke.
- 19 Observatør er ein deltakar på fylkesting for ungdom i alderen mellom 13 og 23 år. Vedkommande  
20 skal ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane fylke. Vidare har observatøren talerett og  
21 framleggsrett gjennom heile tingsetet, men er utan røysterett.
- 22 Gjest er ein person som ikkje er innkalla, men invitert, til fylkesting for ungdom. Dersom ein deltakar  
23 på tinget har folkeregistrert adresse på ein stad utanfor fylket, er vedkommande gjest uavhengig av  
24 alder. Gjestane er utan røysterett, framleggsrett og talerett. Fylkesting for ungdom kan, i røysting  
25 med vanleg fleirtal, gje gjestane eller berre einskilde gjestar talerett i einskilde saker, på eit avgrensa  
26 tidsrom eller slik fylkesting for ungdom meiner det er føremålstenleg.

1 Referenten er den som skriv referatet/møteboka frå fylkesting for ungdom. Vedkommande har  
2 talerett i alle saker som gjeld referatet og til oppklarande spørsmål.

3 § 2-4 Deltakarar frå anna enn kommunane

4 Fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar er organisasjonar som har medlemmer i alderen 13 til 23 år  
5 spreidd i heile Sogn og Fjordane, og som har registrert adresse i Sogn og Fjordane. Organisasjonen  
6 skal vere fylkesdekkjande, og kan ha fleire lokallag under seg.

7 Politisk ungdomsparti: politisk ungdomsparti som har medlemmar som er folkeregistert i Sogn  
8 og Fjordane, uavhengig av talet på medlemmar. Delegatane og observatørane for dei politiske  
9 ungdomspartia på FFU må vere mellom 13 og 23 år.

10 Ungdomspolitisk utval: ungdomspolitisk utval (UPU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom i  
11 Sogn og Fjordane. Ungdomspolitisk utval arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. Sjå eigne  
12 retningslinjer for ungdomspolitisk utval.

### 13 **Kapittel 3 Arbeidsområde og mynde**

14 § 3-1 Arbeidsområde

15 Fylkesting for ungdom arbeider med alle fylkesdekkande saker, det vil seie alt som påverkar fylket.  
16 Lokale saker høyrer heime hos ungdomsrådet i kvar einskilde kommune. Dersom det er tvil om ei sak  
17 kan handsamast eller ikkje er det fylkesting for ungdom som avgjer saka, med vanleg fleirtal.

18 § 3-2 Mynde

19 Fylkesting for ungdom kan gi fullmakt og instruksar til ungdomspolitisk utval (UPU)\*.

20 \*Ungdomspolitisk utval (UPU) er fylkesting for ungdom sitt arbeidsutval. Sjå eigne vedtekter for  
21 ungdomspolitisk utval.

### 22 **Kapittel 4 Samansetnad**

23 §4-1 Alle kommunane, uavhengig av folketal, kan sende to delegatar og to observatørar. I tillegg til  
24 dette får kommunane med over 5 000 innbyggjarar éin ekstra delegat for kvar fem tusen innbyggjar.  
25 5000 innbyggjarar; tre delegatar, 10 000 innbyggjarar; fire delegatar, og så bortetter for kvar 5000

1 innbyggjarar. Politiske ungdomsparti og fylkesdekkande ungdomsorganisasjon kan sende to  
2 delegatar og to observatørar.

3 §4-2 Delegatane og observatørane skal vere i alderen 13 til 23 år. Delegatane og observatørane vert  
4 valde av ungdommane i kommunen, det politiske ungdomspartiet eller den fylkesdekkande  
5 ungdomsorganisasjonen, i regi av kommunen, partiet eller organisasjonen. I dei kommunane som  
6 har ungdomsråd bør delegatar og observatørar veljast derfrå.

7 § 4-3 Grupper og enkeltpersonar, ut over dei som er innkalla, som vil møte på fylkesting for ungdom  
8 og uttale seg i ei sak skal melde frå til ungdomspolitisk utval seinast 14 dagar før tingdato. Desse får  
9 status som gjest og det er fylkesting for ungdom som avgjer om det skal gjevast talerett til desse,  
10 etter innstilling frå UPU, jf. § 5-1 i desse vedtektene.

## 11 **Kapittel 5 Vedtak og røysting**

### 12 § 5-1 Vedtak og røyserett

13 Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak  
14 skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting.

15 Delegatar har røyserett, talerett og framleggsrett under heile tingsetet, med mindre vedkommande  
16 er ugild etter reglane i forvaltningslova kapittel 2 med særlovgevinga i kommunelova § 40 nr. 3.

17 Observatørar har talerett og framleggsrett gjennom heile tingsetet, men er utan røyserett.

18 Gjestar på fylkesting for ungdom er utan røyserett, framleggsrett og talerett. Fylkesting for ungdom  
19 kan, i røysting med vanleg fleirtal, gje gjestane eller berre einskilde gjestar talerett i einskilde saker,  
20 på eit avgrensa tidsrom eller slik fylkesting for ungdom meiner det er føremålstenleg.

21 Delegatar som er til stade i salen har røyserett. I tvilstilfelle er det møteleiar som avgjer om  
22 delegaten får delta i voteringa.

23 Ein har ikkje røyserett under voteringar der ein ikkje har vore til stade under handsaminga av det  
24 framlegget ein skal votere over. Delegaten må då vente til neste votering. I tvilstilfelle er det  
25 møteleiar som avgjer om delegaten får delta i voteringa.

### 26 § 5-2 Røysting ved framlegg om vedtak

- 1 Det er berre delegatane som har røysterett. Alle delegatane har plikt til å røyste for eller mot eit  
2 framlegg.
- 3 Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal.
- 4 Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Denne voteringa kan foregå skriftleg  
5 dersom nokon i møtelyden ønskjer det. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i  
6 ungdomspolitisk utval si røyst avgjerande.
- 7 § 5-3 Røysting ved personval
- 8 Det er berre delegatane som har røysterett. Ved personval pliktar delegatane å røyste på ein person,  
9 eller dei kan stemme blankt.
- 10 Vedtak ved personval vert gjort med absolutt fleirtal. Dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal skal det  
11 haldast ny avrøysting. Den som får flest røyster etter den nye avrøystinga er valt. Dersom røystene  
12 står likt etter omval vert valet avgjort ved loddtrekning.
- 13 Ved personval kan delegatane og møteleiar krevje skriftleg val. Det er nok at berre ein person krev  
14 skriftleg val, for at dette skal bli gjennomført.
- 15 Resultatet, inkludert fordeling av røyster, ved personvalet skal vere offentleg.
- 16 § 5-4 Val av nytt ungdomspolitisk utval (UPU)
- 17 UPU vert valde blant delegatane og observatørane på FFU. Det skal veljast leiar, nestleiar og 3  
18 medlemmer. Det skal også veljast 5 varamedlemar.
- 19 Medlemene av UPU skal veljast for 2 år. Dei skal veljast slik at UPU får kontinuitet. Ved første gangs  
20 val skal 2 representantar veljast for 1 år og 3 veljast for 2 år. Varamedlem vert valt for 1 år.
- 21 Blant medlemene i UPU vel fylkestinget kvart år leiar og nestleiar.
- 22 Dei nye medlemmane i UPU skal veljast ved aktivt røysting av fylkesting for ungdom, og etter reglane  
23 i § 5-3.
- 24 § 5-5 Benkeforslag ved personval

1 Om ein ønskjer endring i innstillinga til valnemnda, sjå kap. 7, er det moglegheit for å komme med  
2 benkeforslag. Personen som vert føreslegen må vere tilstade under tingsetet, og vere anten delegat  
3 eller observatør. Om mogleg bør både personen som er innstilt frå valnemnda og personen som er  
4 ynskt inn i utvalet, gjerast kjend med benkeforslaget.

5 Reglar ved benkeforslag:

6 Benkeforslag kan kome frå personen sjølv eller ein annan delegat eller observatør på tingsetet.

7 Personen som vert føreslege skal halde eit partsinnlegg. Om ein foreslår seg sjølv, kan ein få ein  
8 støttetale frå ein delegat eller observatør på tingsetet. Personen som er innstilt av valnemnda skal  
9 halde sitt partsinnlegg. Personen som er innstilt av valnemnda kan ha ein støttetale frå ein på  
10 tingsetet.

11 Røystinga føl reglane i § 5.3, røysting ved personval.

## 12 **Kapittel 6 Møta i fylkesting for ungdom**

### 13 § 6-1 Tidspunkt

14 Fylkesting for ungdom skal gjennomførast ein gong kvart år, med mindre særlege grunnar talar mot  
15 dette. Som særlege grunnar gjeld mellom anna dårleg påmelding frå kommunane, sjukdom eller  
16 liknande.

17 Fylkesting for ungdom vel ein rettleiande dato for året etter, og ungdomspolitisk utval kan, dersom  
18 det er nødvendig, endre datoen.

### 19 § 6.2 Møtebok

20 Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at  
21 den er ferdigstilt. Møteboka skal underskrivast av to delegatar valt av FFU.

### 22 § 6.3 Teljekorps

23 FFU vel tre observatørar eller gjestar til å vere teljekorps under tingsetet, UPU kjem med innstilling  
24 til medlemar i teljekorpset. Teljekorpset skal telje opp røystene etter eit skriftleg val, og gjere  
25 fylkesting for ungdom kjend med resultatet frå røystinga. Ved røystingar som ikkje er skriftlege kan  
26 ordstyrar be teljekorpset om hjelp til å telje opp røystene.

1 § 6.4 Møteleiing; ordstyrar og hjelpeordstyrar

2 Fylkeesting for ungdom vert leia av ein ordstyrar. Ordstyraren skal veljast av tingsetet. Det er  
3 ungdomspolitisk utval som kjem med framlegg til ordstyrar, og tingsetet kan komme med andre  
4 framlegg.

5 Det skal vere ein hjelpeordstyrar, og denne skal veljast av tingsetet. Det er ungdomspolitisk utval  
6 som kjem med framlegg til hjelpeordstyraren, og tingsetet kan komme med andre framlegg. Om  
7 ordstyraren er på talestolen eller av andre grunnar ikkje er til stades i salen skal hjelpeordstyraren  
8 vere ordstyrar i den tida ordstyraren er oppteken.

9 Ordstyraren og hjelpeordstyraren er anten delegat, observatør eller gjest.

10 § 6.5 Innkalling

11 Innkalling skal sendast skriftleg minst fire veker før tingsetet skal vere. Denne skal sendast til  
12 kommunane, politiske ungdomsparti og fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar i Sogn og Fjordane.

13 Leiar i ungdomspolitisk utval har ansvaret for å setje opp innkallinga, og sekretæren for  
14 ungdomspolitisk utval har ansvaret for å sende denne ut til kommunane.

15 § 6.6 Sakliste

16 Saklista og sakspapira skal vere deltakarane i hende seinast 14 dagar før tingsetet. Om sakene og  
17 sakspapira kjem seinare enn fristen kan fylkeesting for ungdom handsame sakene om minst 1/3 av  
18 fylkeesting for ungdom røystar for handsaming.

19 § 6.7 Saksgang

20 Kommunane, dei politiske ungdomspartia og dei fylkesdekkande ungdomsorganisasjonane i Sogn og  
21 Fjordane kan melde inn saker til fylkeesting for ungdom. Sakene skal handsamast av ungdomspolitisk  
22 utval og må difor vere UPU i hende minst ein månad før tingsetet.

23 Alle ungdommar i fylket i alderen 13 til 23 år har også moglegheit til å melde inn saker til fylkeesting  
24 for ungdom. Sakene skal handsamast av ungdomspolitisk utval og må difor vere UPU i hende minst  
25 ein månad før tingsetet. Ungdomspolitisk utval set opp alle slike saker på saklista under eit eige  
26 punkt. FFU handsamar slike saker om minst 1/3 av fylkeesting for ungdom røyster for handsaming.

1 Dersom fylkesting for ungdom vel å handsame ei slik sak er det UPU som legg fram saka, med forslag  
2 til vedtak.

3 Saker kan og bli tekne opp av delegatane og observatørane under generell politisk debatt.

4 UPU har ansvar for å førebu saker til FFU, og UPU har også ansvar for at vedtak og fråsegner vert  
5 følgde opp etter fylkesting for ungdom.

#### 6 § 6-8 Ugildskap

7 For ugildskapen til delegatane og observatørane gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og  
8 kommunelova § 40, nr 3. Ein delegat eller observatør som er som er ugild i ei konkret sak forlèt  
9 plassen sin og deltek ikkje ved handsaminga av saka. Vedkommande forlèt møterommet dersom det  
10 er eit lukka møte. Det kan vere føremålstenleg at den som er ugild forlèt møtet, men ingen kan  
11 krevje at personen gjer det, med mindre møtet er lukka etter reglane i kommunelova § 31.

12 Delegatar som er fritekne frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jf.  
13 kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlèt plassen sin. Om møtet er  
14 lukka, skal delegaten forlate møterommet.

#### 15 § 6-9 Permisjon

16 Delegatar og observatørar som må forlate møterommet for ein periode etter at tinget er sett kan  
17 ikkje gjere det utan å melde frå til ordstyraren på førehand. Delegatar som må reise frå fylkesting for  
18 ungdom må søkje permisjon gjennom ordstyrar. Fylkesting for ungdom godkjenner eller avviser  
19 søknaden etter skjønn.

#### 20 § 6-10 Opne eller lukka møter

21 Møta vert haldne for opne dører, jf. kommunelova § 31, men likevel slik at saker merka "lukka" (ikkje  
22 offentleg) i saklista vert handsama i lukka møte. Fylkesting for ungdom kan gjere vedtak om avvik frå  
23 UPU sitt framlegg til ope eller lukka handsaming av ei sak innan rammene i kommunelova § 31.  
24 Forhandlingar om dette går føre seg for stengde dører dersom møteleiaren krev det eller fylkesting  
25 for ungdom vedtek det.

#### 26 § 6-11 Handsaming



1 Fylkeesting for ungdom kan vedta å endre handsamingsmåten med framtidig verknad også etter at ei  
2 sak er teken opp til handsaming. Vert det fremja forslag om dette, må handsaminga av saka  
3 avbrytast. Forhandlingar om kor vidt den vidare handsaminga av saka skal vere i opne eller lukka  
4 møte går føre seg for stengde dører dersom møteleiaren eller fylkeesting for ungdom krev det.

#### 5 § 6-12 Ordsiftet

6 Talaren skal vende orda sine til ordstyraren og ikkje til forsamlinga. Personen skal halde seg nøye til  
7 saka eller den delen av saka som ordsiftet gjeld. Ordstyraren skal sjå til at det vert gjort.

8 Det må ikkje seiast noko som krenkjer forsamlinga, nokon av medlemane eller andre. Ein skal heller  
9 ikkje lage uro for å få fram at ein er misnøgd eller usamd i det som vert sagt. Dersom nokon bryt  
10 desse ordensføresegnene skal ordstyraren åtvare vedkommande, om naudsynt to gonger. Rettar  
11 vedkommande seg likevel ikkje etter dette, kan ordstyraren ta frå ordet til talaren, eller ved røysting  
12 la forsamlinga avgjere om vedkommande skal stengjast ute frå resten av møtet.

13 Ordstyraren må ikkje avbryte nokon som har ordet dersom det ikkje vert gjort for å handheve  
14 ordensføresegnene, eller for å rette mistydingar frå talaren si side.

15 Vil møteleiaren vere med i ordsiftet med meir enn heilt korte innlegg skal denne overlata leiinga til  
16 hjelpeordstyraren.

17 Før ordsiftet i ei sak tek til, og medan ordsiftet varer, kan fylkeestinget vedta at taletida skal  
18 avgrensast til eit visst tal minuttar for kvart innlegg. Når fylkeesting for ungdom meiner at ei sak er  
19 ferdigdrøfta kan det vedta å slutte ordsiftet i saka. Ved handsaming av framlegg om å korte av  
20 taletida eller om å slutte av ordsiftet må berre to talarar få ordet - ein for og ein mot framlegget.

21 Framlegg til vedtak skal leverast inn skriftleg til møteleiaren. Framlegget kan gjerast munnleg om det  
22 går ut på at nokon skal veljast, at den saka som vert handsama skal utsetjast, sendast attende til  
23 ungdomspolitisk utval, eller at framlegg ikkje skal vedtakast. Skriftleg framlegg skal underskrivast av  
24 den som set det fram. Møteleiaren refererer framlegget.

25 Dersom det under drøftinga av ei sak vert gjort framlegg om å utsetje saka eller å sende saka  
26 attende til ny drøfting i ungdomspolitisk utval, skal dette framlegget drøftast og avgjerast før saka  
27 vert handsama vidare i realiteten.

#### 28 § 6-13 Rusmiddel

- 1 Fylkekesting for ungdom skal vere utan rusmiddel, og dette forbodet gjeld alle, uavhengig av alder.  
2 Brot mot denne regelen fører til at deltakaren vert send heim, på eiga rekning. Om deltakaren er  
3 under 18 år skal føresette varslast av fylkeskommunen, som arrangør av fylkekesting for ungdom.

#### 4 **Kapittel 7 Uttalenemnd for fylkekesting for ungdom i Sogn og Fjordane**

##### 5 § 7-1 Føremål

- 6 Føremålet med uttalenemnda er å få ei innstilling på dei ulike fråsegnene, sakene og framlegg til  
7 endring av vedtekter for FFU som kjem inn.

##### 8 § 7-2 Val og samansetnad

- 9 Fylkekesting for ungdom skal velje ei uttalenemnd etter innstilling frå ungdomspolitisk utval eller  
10 innstilling frå sjølve tinget.

- 11 Uttalenemnda skal ha 5 medleamar, med tale og røysterrett. Nemnda kan blant seg velje ein leiar og  
12 ein sekretær. Det bør vere ein medlem frå ungdomspolitisk utval (UPU) i nemnda. Sekretær for UPU  
13 skal vere til hjelp, der nemnda ser dette formålstenleg.

- 14 Nemnda skal vere samansett av personar med ulik alder, kjønn, politisk bakgrunn. Alle medlemane  
15 må vere delegat, observatør eller gjest på tinget.

- 16 Alle medlemane skal representere fylkekestinget sine interesser, og ikkje sine personlege.

##### 17 § 7-3 Oppgåver og ansvar

- 18 Nemnda skal samle alle fråsegnene, sakene og framlegg til endring av vedtektene. Dei skal setje seg  
19 inn i alle desse, og sjå alle i ein samanheng. Nemnda skal ha debattar rundt dei ulike fråsegnene,  
20 sakene og forslag til endring av vedtektene slik at dei kan komme med ei innstilling. Nemnda har  
21 ansvaret for at alle kan lese forslaga etter at arbeidet er avslutta. Nemnda skal svare på spørsmål  
22 knytt til handsaminga og innstillinga.

##### 23 § 7-4 Rolle

- 24 Nemnda er eit rådgjevande organ for fylkekesting for ungdom, og har ikkje noko reel makt.

1 Det skal vere ei innstilling frå uttalenemnda på alle fråsegner, saker og framlegg til endring av  
2 retningslinjene. Nemnda skal i hovudregel setje «vedteke», eller «ikkje vedteke» på alle fråsegnene,  
3 sakene og framlegg til endring av vedtektene. Dersom nemnda ikkje ønskjer å gå ut med si  
4 innstilling, kan innstillinga vere «inga innstilling», men då må stemmetalet fylgje med. Stemmetalet  
5 skal først opp slik: (2-2-1), til dømes. Det fyrste sifferet tyder vedteke, det andre ikkje vedteke og  
6 det siste sifferet syner kor mange medlemmar som har inga innstilling. Nemnda kan velje å skrive ein  
7 kommentar.

#### 8 § 7-5 Mynde

9 Nemnda har i utgangspunktet ikkje mynde til å endre noko av det språklege eller ordlyden som står i  
10 innsende fråsegner, saker eller framlegg til endring av vedtektene.

11 Den som sender inn forslag kan gje nemnda fullmakt om å gjere språkvask, og denne fullmakta må  
12 vere uttalenemnda i hende før dei har byrja å arbeide med denne fråsegna. Den som sender inn  
13 forslag kan også gje uttalenemnda fullmakt til å omsetje fråsegna, saka eller framlegget til endring av  
14 vedtektene til eit anna målføre.

15 Nemnda kan dersom dei ynskjer det sende inn forslag om at UPU kan gjere redaksjonelle endringar.  
16 Dette må vedtakast før fråsegnene vert handsama.

17 Ein er ugild i høve arbeidet i nemnda dersom innhaldet i ei fråsegn, sak eller framlegg til endring av  
18 vedtektene kan føre til at ein får personleg vinning. Den som sender inn forslag er ikkje automatisk  
19 ugild i handsaminga av sitt eige forslag.

#### 20 § 7-6 Fråsegnene, sakene og forslag til endring av retningslinjene.

21 Fråsegnene, sakene og framlegg til endring av retningslinjene må vere uttalenemnda i hende før  
22 fristen sett av ungdomspolitisk utval er ute. Ungdomspolitisk utval skal legge fram eit forslag til frist  
23 for innlevering tidleg på tinget. Denne fristen skal tinget stemme over. Utanom fristen, kan nemnda  
24 velje med skjønn om dei kan ta inn nye fråsegner, saker og framlegg til endring av vedtektene.

25 Alle forslag bør sendast inn digitalt, men handskrive forslag vert også handsama. Det er mogleg å  
26 sende inn forslag på både bokmål og nynorsk.

#### 27 § 7-7 Uttalenemnda legg fram

1 Leiarer i uttalenemnda har ansvaret for at alle får høve til å gjere seg kjende med fråsegnene,  
2 sakene og forslag til endring av vedtektene som er komme inn.

3 Nemnda skal leggje fram korleis arbeidet har vore, og kva fråsegner, saker og forslag til endring av  
4 vedtektene som er stroke på grunnlag av andre forslag med lik intensjon. Det totale talet på  
5 fråsegner, saker og forslag til endring av vedtektene skal også komme fram.

6 Nemnda må kunne svare på spørsmål som kjem fram under debatten om arbeidet som dei har gjort.

7 § 7-8 Vedtak

8 Vedtak ved røysting over fråsegner og saker vert gjort etter reglane i § 5-2. Vedtak ved røysting over  
9 framlegg til endring av vedtektene vert vedteke etter reglane i §9-2.

## 10 **Kapittel 8 Valnemnd for fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane**

11 § 8-1 Val og samansetnad

12 Valnemnda skal ha 3 medleamar med røysterett. Valnemnda skal ha ein leiar, og denne bør vere frå  
13 ungdomspolitisk utval. Dei resterande medlemane skal anten vere delegat, observatør eller gjest ved  
14 fylkesting for ungdom. Dessutan sit sekretær for UPU i valnemnda, men har ikkje røysterett.

15

16 § 8-2 Arbeidet til nemnda

17 Arbeidet til valnemnda skal gå føre seg under det årlege tingsetet. Kandidatar til det neste UPU skal  
18 meldast inn til valkomiteen av delegatar og observatørar på fylkesting for ungdom. I tillegg kan alle  
19 som opprinneleg var inviterte til fylkesting for ungdom melde sitt kandidatur til valnemnda.

20 Valnemnda skal ha ein samtale med kvar av kandidatane og gjere seg kjend med dei som er aktuelle.  
21 Når valnemnda vurderer kandidatane skal den sjå på geografi, interesse, skulebakgrunn, kjønn, alder  
22 og erfaringar. Det bør vere forslag om to medlemmer av kvart kjønn.

23 § 8-3 Innstilling

24 Valnemnda skal kome med ei innstilling til kven som skal sitte i det nye UPU. Valnemnda skal  
25 samstundes grunnkje innstillinga si for fylkesting for ungdom.

- 1 § 8-4 Val
- 2 Om det under val vert endringar i innstillinga til valnemnda, skal valnemnda ha møte om korleis lista  
3 skal sjå ut etter det er valt inn ein ny representant, dette for å sikre heilskapen i eit nytt  
4 ungdomspolitisk utval.
- 5 § 8-5 Røysting ved personval
- 6 Vedtak ved røysting ved personval vert gjort etter reglane i § 5-3.
- 7 **Kapittel 9 Avsluttande føresegner**
- 8 § 9.1 Ikraftsetjing
- 9 Vedtatt på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 09.04.2016.  
10 Endra på fylkesting for ungdom på Skei i Jølster den 25.03.2017.
- 11 Retningslinene tek fyrst til å gjelde den dagen fylkesting for ungdom har gjort vedtak med 2/3 fleirtal  
12 om dette.
- 13
- 14 § 9.2 Endring av vedtektene
- 15 Dei som er innkalla til FFU (kommunane, politiske ungdomsparti, fylkesdekkande  
16 ungdomsorganisasjonar og ungdomspolitisk utval) kan sende framlegg til endring av vedtektene.  
17 Framlegget må vere sendt inn minst 14 dagar før fylkesting for ungdom. Det er også mogeleg for  
18 delegatar og observatørar sende inn framlegg til endring av vedtektene til uttalenemnda under  
19 fylkesting for ungdom, innan den fristen som gjeld for innsending av forslag uttalenemnda, sjå § 7-6.
- 20 Endringar i vedtektene vert gjort av fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane med 2/3 fleirtal.
- 21 Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Sogn og  
22 Fjordane.